

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 16.12.2022, kl. 08:30-14:55
MØTESTAD: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar (forlet møte kl. 14:15)
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Eiliv Berdal	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Asle Kjørlaus, fagdirektør
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Karianne Strønen, avdelingssjef/overlege
Dagrun Kyrkjebø, samhandlingssjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
073/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden
074/2022	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 24.11.2022
075/2022	Administrerande direktør si orientering
076/2022	Rapportering frå verksemda per november 2022
077/2022	Årleg melding 2022 for Helse Førde HF
078/2022	Budsjett 2023 – Helse Førde HF
079/2022	Investeringsbudsjett 2023 – Helse Førde HF
Saker til orientering:	
080/2022	Samhandling – halvårleg rapportering
081/2022	Nye Førde sjukehus - løypemelding
082/2022	Eventuelt Skriv og meldingar
Lukka del:	
083/2022	Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn

Styret si eigenevaluering

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Avdelingssjef/overlege Karianne Strønen orienterte om:

Mandeloperasjonar i Helse Førde

Val av kirurgisk teknikk ved tonsillektomi

Mandeloperasjonar:

- Fjernar deler av mandelen: tonsillotomi
- Fjernar heile mandelen: tonsilloktomi
- Fjerne «barnepolyppar»/falsk mandel: adenotomi

Norsk tonsilleregister: Norsk kvalitetsregister etablert 2017

Operasjonsteknikk:

- Kaldt stål
- Diatermi

- Diatermisaks
- Laser – lite brukt

Kva er kvalitet?

Komplikasjonar:

- Blødning, ca 10 prosent
- Smerter
- Infeksjon
- Malnutrisjon
- Endring i følelse svelg/tunge

Måloppnåing for Helse Førde i 2021:

- Symptomfri etter 6 månader, viser måloppnåing 90 prosent
- Kontakt med helsevesenet pga infeksjon, viser 1 prosent (høg måloppnåing)

Historikk:

Frå 2010 meir og meir diatermi, lettare hemostase peroperativt. Får etter kvart mistanke om at vi har fleire seinblødningar.

Avdelingssjef Helge Hagen bestemmer i 2013 at vi i Førde berre skal bruke kald teknikk ved operasjon og tilstrebe kompresjon som hemostase.

Kvifor velje noko anna enn kald teknikk?

Fordeler med «varm teknikk», viser mindre preoperativ blødning. Ser at varm teknikk er føretrekt metode hos fleire private klinikkar.

Kvifor er vi så gode?

Avdelingssjef H. Hagen såg til tal frå andre land og tok konsekvensen av den tydelege signala:

- Kald stål
- Kald hemostase

Gjev tydeleg låg risiko for postoperativ blødning

Styret takka for ei spennande orientering.

Adm. direktør Varden sa at avdelingssjef Strønen hadde innlegg på kvalitetskonferansen.

Sak 073/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Skriv og meldingar: 2 dokument var utsendt
- Nye dokument var opptrykt til møte:
 - 1) Vedtak frå FAMU knytt til utkast budsjett og investeringsbudsjett 2023 for Helse Førde
 - 2) Protokoll frå drøftingsmøte vedr. utkast til budsjett og investeringsbudsjett for Helse Førde 2023

3) Notat om stenging av Lærdalstunnelen

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 074/2022 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 24.11.2022**Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 24.11.2022.

Sak 075/2022 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia med bilder frå:

- Ny MR ved Førde sentralsjukehus, som no er på plass
- Livabygget, som no viser at tårnkranen er bort. Det er god framdrift i prosjektet. Det er førespegla frå Veidekke at bygget kan bli ferdig før planlagt dato.

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
- 4. Status lærlingar**

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om status for lærlingar i Helse Førde

- Fagdag for 12 helsefagarbeidarar i oktober
- Oversyn lærlingar i Helse Førde, vi har totalt 24 lærlingar
- Nasjonal helse- og sjukehusplan og styringsdokument for 2023

5. Modell for leiarutvikling i Helse Førde

HR-direktør Skjelten orienterte om modell for leiarutvikling. Vi har ILUP 1 og ILUP 2 i Helse Førde. ILUP 3 kan bli utsett, grunna budsjettsituasjonen.

Modell for leiarutvikling i Helse Førde omhandlar:

- Daglege leiarprosessar
- Leiardialog
- Leiarutvikling/-opplæring
- Ekstern leiarutvikling

- Leiargruppe-utvikling/mentor

Styret oppmoda om å satse sterkt på leiarutviklingsmodellen.

Adm. direktør Varden og HR-direktør Skjelten svara på spørsmåla.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 076/2022 Rapportering frå verksemda per november 2022

Oppsummering:

Administrerende direktør Varden innleia rapporteringa

- Trenden er at vi har færre Ø-hjelp, færre nyttilviste, og færre blir avslutta. I tillegg stig totalkøen
- Vurderinga er at total ventetid innan somatikk er for høg, men at tilgjengelegheita er bra.
- Aktivitet i november er omlag på budsjett samla for føretaket
- Hittil i år er avviket på 1063 DRG-poeng i somatikken
- Aktiviteten innan psykisk helsevern har i perioden også vore lågare enn budsjett, men høgare enn fjoråret
- Samla sjukefråvær i oktober var 6,8 prosent
- Resultatet for november er positivt med 45,5 millionar kroner, dette som resultat av auka basisramme med eingongsløyving på 47,5 millionar kroner
- Justert for ekstraløyvinga er resultatet for perioden -2,0 millionar kroner, som er eit avvik mot budsjett på -4,5 millionar kroner
- Hovudutfordringa er også denne perioden dei samla løns- og personalkostnadene, med ei overforbruk på 10,0 millionar kroner

Aktiviteten - overordna pasientflyt per november viser:

Nytilviste 6 033 (-7%)	Ventelistekø 7 658 (11%)	Totalkø 44 716 (6%)	Avslutta 5 704 (-8%)
---------------------------	-----------------------------	------------------------	-------------------------

Fagdirektør Kjørlaug orienterte om: Fag og kvalitet

- Øyeblikkeleg-Hjelp funksjonen og terskelen for innlegging
- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser 78 prosent i somatikk. Tala i psykisk helsevern viser god trend
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser god trend
- Ventande ved periodeslutt – klinikknivå og avdelingsnivå, viser auke i nokre avdelingar i Kirurgisk klinikk og Medisinsk klinikk

Styret etterspør ei ny kollonne til høgre i denne tabellen, som kan vise Ø-Hjelp-delen i dette.

- Direkte time, viser forbetring til 80 prosent

Rapportering i høve århjul:

- Nasjonal kvalitetsindikatorar, andre tertial
- Epikrisetid, ein dag
- Sepsis akuttmottak
- Infeksjon etter kirurgi
- Liggedøgn utskrivingsklare pasientar

Arbeidet med helsefellesskapet og prioriterte pasientgrupper vart omtalt.

Styret takka for god gjennomgang.

Kva med reinnleggingar, korleis er vår skår samanlikna med dei andre føretaka?

Fagdirektør svarta at ved reinnleggingar så er vi er på same nivå som heile Helse Vest.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet og økonomi

Resultatet i november er positivt med 45,5 millionar kroner, som er 43 millionar kroner betre enn budsjett. Etter nysaldering av statsbudsjettet så fekk Helse Førde tilført ein auke i basisramme på 47,5 millionar kroner.

Aktiviteten i november er noko lågare enn budsjettet, men avviket er relativt mindre enn ved føregående månad.

Det er mindreforbruk på varekostnader, dette er spesielt knytt til lågare gjestepasientkostnader enn budsjettet. Det er meirforbruk på varekostnader elles, med størst avvik knytt til medikamentkostnader, matkostnader og andre varekostnader.

Løns- og personalkostnader er i perioden 10,0 millionar over budsjett.

Sjukefråværet i oktober var samla på 6,8 prosent.

Status likviditet:

Per utgangen av nov 2022 hadde Helse Førde ei trekkramme på kassekreditten med - 53,7 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 473,5 millionar kroner som skal dekke pensjonsforpliktingar.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per november 2022 til vitende.

Sak 077/2022 Årleg melding 2022 for Helse Førde HF

Oppsummering:

Helse Førde leverer jamt over godt på oppdraga som er gitt i styringsdokumentet, sjølv om vi ikkje klarer å nå måla for alle kvalitetsindikatorane.

Året har også vore prega av høvesvis store økonomiske avvik i høve til budsjett. Som i samfunnet elles, og i andre helseføretak, er Helse Førde råka av aukande inflasjon og økonomiske utfordringar. Det har alt fått konsekvensar for investeringstakten, og vil også påverke investeringar og drift i året som kjem.

2022, som dei seinaste åra, ha vore prega av stor byggeaktivitet. LIVA-bygget skal stå klar hausten 2024. I store delar av somatikken er det no i gang organisasjonsutviklingsprosjekt for å sikre at Helse Førde kan ta i bruk bygget på best mogeleg måte. Dei neste byggestega (Svana 2 og 3) vart i haust utsette grunna redusert investeringsevne framover.

Administrerande direktør vil peike på rekruttering og økonomisk balanse som to hovudområde det må fokuserast på framover.

Adm. direktør Varden innleia om at dette er ei rapportering til Helse Vest innan fristen 15. januar 2023. Dokumentet vert no framlagt til styret som kan påverke den endeleg versjonen. Det er skrive styret sitt forord.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om årleg melding. Vi har laga eit forord, og ei innleiing med kor vi er på rett veg og kva vi har av utfordringar.

Styret kommenterte:

Dokumentet er oversiktleg og ei ryddig melding, med dekkande forord.

Innleiinga tar fram område på rett veg, og område der vi har utfordringar i tida som kjem.

Dokumentet er lesarvennleg, og meldinga er velskrive.

Side 2: Omskrive 2. avsnitt i forord.

Få inn setning i forord frå adm. direktør og hovudutfordringa.

Side 9: Spørsmål om vi kjem i mål med tilvisingsmottak?

Direktør Tvedt svara at vi har mål om dette innan 1. mars.

Side 25: Det er ikkje samsvar i 2. avsnitt om sjukefråvær

Det vil vere nyttig for det nye Brukarutvalet å bruke dette dokumentet i sitt arbeid.

Årleg melding vert oppdatert med innspela, og framlagt til styremøte 26. januar 2023.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner årleg melding 2022 for Helse Førde HF med dei merknader som er gjevne i møtet.

Sak 078/2022 Budsjett 2023 - Helse Førde HF

Oppsummering:

Samla vurdering er at budsjettet til Helse Førde for 2023 er svært stramt. Det er i tillegg risikofaktorar som vil krevje både tett oppfølging og styring, samt at dei økonomiske rammene vil krevje auka endringstakt og omstillingsevne i organisasjonen.

Budsjettet er presentert med eit resultat på 0,- kroner. I økonomisk langtidsplan var det planlagt med eit overskot på 21 millionar kroner. Nivået var lagt for å balansere drift- og investeringsbudsjett på lang sikt. Reduksjon av resultatkravet er tilsvarande reduksjon i investeringsbudsjettet. Dette kan gjerast i kortare periodar, men over tid må investeringsbudsjettet vere på eit nivå som sikrar at føretaket har midlar til å vedlikehalde bygg, IKT, medisinsk-teknisk utstyr og ambulansar.

Klinikkane har gjennom sine budsjettdokument identifisert tiltaka for å redusere kostnadene med 20 millionar, og administrerande direktør vurderer desse tiltaka som realistiske og moglege å gjennomføre. Ytterlegare tiltak vil like fullt vere nødvendige for å unngå budsjettavvik som følgje av styringsfarten vi har inn i eit nytt år.

Adm. direktør Varden orienterte om budsjett 2023:

- *Budsjett 2023 er svært stramt, og det komande året vil krevje store omstillingar*
- *Innsparingskravet er vesentleg auka som følgje av for høg styringsfart*
- *Prognosen for 2022 før siste saldering av statsbudsjett var 70 millionar*
 - *Klinikkane har løyst ei innsparingskrav på 20 millionar kroner i sine budsjett*
 - *Bygningar og vedlikehald vert redusert med 25 millionar kroner i år 2023*
 - *Behov for å finne ytterlegare tiltak tilsvarande 25 millionar kroner gjennom det komande året*
- *Signala av dei økonomiske rammene blir strammare framover*
- *Økonomisk langtidsplan legg til grunn ytterlegare innsparingar og meir effektiv drift dei komande åra*
- *Å lukkast med omstilling og endring vil vere vesentleg for å kunne betene gjeld og oppretthalde investeringar på eit nødvendig nivå*

Resultatkravet er redusert frå 21 millionar til 0 (null) kroner.

Budsjettprosessen, utfordringsbildet og risiko vart skissert.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om:

- *Realendingar, tiltak og risikoområde*
- *Rammer frå Helse Vest*
- *Realendingar og innsparingskrav*
- *Aktivitet og inntekter*

Direktør Vingsnes orienterte om budsjett 2023 for Medisinsk klinikk.

Direktør Guldhav orienterte om budsjett 2023 for Kirurgisk klinikk.

Direktør Tvedt orienterte om budsjett 2023 for Psykisk helsevern.

Direktør Midtbø orienterte om budsjett 2023 for Drift og eigedom.

Adm. direktør Varden orienterte om budsjett 2023 for Stabsområde.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om budsjett 2023 for Budsjetteknisk.

Styret kommenterte:

For å lukkast halde fram med gode prosessar internt, og gode prosessar i helsefellesskapet og med kommunane.

Styreleiar Krakhellen oppsummerte med at når vi har gode prosessar, så kan vi få til gode løysingar.

Styret takka for jobben som er gjort, og vi skal ta del i den.

Framlegg til vedtak:

1. Styret i Helse Førde HF vedtek budsjett for 2023 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endingar innanfor ramma av vedteke budsjett.
3. Styret ber administrerande direktør søkje Helse Vest om å endre resultatkravet.
4. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret gjennom 2023.

Styreleiar Krakhellen hadde følgjande tilleggspunkt 5:

Styret ber administrerande direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet i tenestene og pasienttryggleik.

Votering:

Adm. direktør Varden sitt framlegg punkt 1 – 4, med styreleiar Krakhellen sitt tilleggspunkt 5, vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde HF vedtek budsjett for 2023 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.

2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endingar innanfor ramma av vedteke budsjett.
3. Styret ber administrerande direktør søkje Helse Vest om å endre resultatkravet.
4. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret gjennom 2023.
5. Styret ber administrerande direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet i tenestene og pasienttryggleik.

Sak 079/2022 Investeringsbudsjett 2023 - Helse Førde HF

Oppsummering:

Føreslege investeringsbudsjett for 2023 er på 621,2 millionar, medan revidert økonomisk langtidsplan la opp til å løyve 610,9 millionar. Dette er ei reduksjon på 10,3 millionar. Løyving til Nye Førde sjukehus har auka med 7,5 millionar, noko som heng saman med fordeling mellom åra. Når det gjeld vedlikehaldsinvesteringar knytt til bygg, MTU og ambulanse er reduksjonen på 17,8 millionar i høve revidert økonomisk langtidsplan.

Ein auke på MTU-budsjettet er at føretaket nyttar opsjon vi har på å kjøpe MR til Nordfjord sjukehus. Det er i investeringsbudsjettet lagt inn 0,5 millionar i 2023. Administrerande direktør må innan årsskiftet avgjere om vi skal utløyse opsjonen eller ikkje. Beløpet vil vere større, men tidspunkt for leveranse vil truleg vere 2025.

Det er gjort vesentlege endringar knytt til Nye Førde sjukehus, noko som påverkar fordelinga av investeringsbeløp i perioden 2023 til 2025 samanlikna med vedtatt økonomisk langtidsplan i mai 2022.

Adm. direktør Varden orienterte om plan for investeringar 2023-2027.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om:

- *Nye Førde sjukehus – vesentlege endringar*
- *Investeringsevne*

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtek følgjande investeringsbudsjett for 2023:

Investeringsbudsjett 2022 (tal i tusen kroner)	Budsjett 2023
Byggeteknisk infrastruktur	5 300
Nye Førde sjukehus, inkludert byggelånsrente	594 800
Sum bygg	600 100
Medisinteknisk utstyr (MTU)	12 500
IKT	3 600
Ambulansar	5 000
Sum MTU og andre investeringar	21 100
Sum investeringar	621 200

2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere nødvendige tilpassingar eller omprioriteringar innanfor investeringsbudsjettet si ramme.
3. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til inngå kontrakt/gjennomføre «Andre endringar», som består av Svana mini og fullføring av Livabygget med to operasjonsstover. Til saman utgjer dette 92 millionar.
4. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å nytte opsjonen på investering av ny MR 1,5 Tesla til Nordfjord sjukehus.
5. I tråd med tidlegare vedtak i samband med revidert økonomisk langtidsplan (styresak 057/2022) gir styret administrerande direktør fullmakt om å oppdatere lånesøknad om investeringsevna på 500 millionar og likviditet 260 millionar til Helse Vest RHF.
6. Styret ber om å få investeringsbudsjettet til ny handsaming dersom føresetnadene i finansieringsgrunnlaget endrar seg.
7. Styret godkjenner førebels likviditetsbudsjett for 2023.

Saker til orientering:

Sak 080/2022 Samhandling – halvårleg rapportering

Oppsummering:

Helseføretaket og kommunane byggjer vidare på den gode samhandlingskulturen som var i regionen vår før etablering av helsefelleskapet og møtest som likeverdige partnarar i arbeidet.

Saker helsefelleskapet har arbeidd med i 2022 er overordna strategi, handlingsplan med konkrete tiltak (til vedtak januar 2023), ferdigstilling av overordna samarbeidsavtale, revisjon av delavtalar, gjennomføring av erfaringskonferanse psykisk helse og rusarbeid på Skei og samhandlingskonferansen 2022 i Førde.

Det går også føre seg anna arbeid innanfor samhandling både internt i helseføretaket og eksternt mot enkeltkommunar.

Samhandlingssjef Kyrkjebø orienterte om rapportering for samhandling:

- *Partnerskapsmøte*
- *Strategisk samarbeidsutval*
- *Fagleg samarbeidsutval*
- *Digitale helsetenester – prosjekt, med digital heimeoppfølging i Styn kommune*
- *Rekrutteringsutfordring – praksiskonsulent Sogn*
- *Samhandling*

Styret takka for god orientering.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si orientering om status samhandling til vitende.

Sak 081/2022 Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Bygginga av Livabygget går godt, framdrifta er som planlagt og dialogen med Veidekke er god. Aktiviteten har auka sterkt i omfang og breidde etter ferien. Dagleg er det no kring 100 personar på eller innom byggeplassen.

Veidekke slår i sin rapport for oktober fast at det ligg føre eit godt grunnlag for å lukkast i den vidare gjennomføringa av prosjektet. Dei ser no på om det er råd å ferdigstille arbeidet slik at prosjektet kan overleverast rundt 20. juni 2024. Dette vil i så fall vere ca. to månader før kontraktsfesta dato.

Styrevedtaket i Helse Vest i samband med økonomisk langtidsplan utfordrar helseføretaka på å vurdere konsekvensar av å utsetje investeringar. Det er no laga reviderte planar for gjennomføring med redusert omfang, og det blir rapportert vidare i høve til dette reviderte omfanget.

Det vert no lagt opp til å utsetje investeringane i Svanabygget, omtalt som Svana 2 og Svana 3. For å kunne utsetje desse ombyggingane er det introdusert eit nytt prosjekt «Svana mini» der dei tiltaka som må gjennomførast for å kunne utsetje Svana 2 og Svana 3 er lagt inn.

Adm. direktør Varden orienterte om Nye Førde sjukehus.

Styret kommenterte at det var gode rapportar. Styret stilte spørsmål om kva er komponenten i «Svana mini», og skal det vere beslutningspunkt for styret?

Prosjektdirektør Solhaug svara at «Svana mini» er mindre delprosjekt, dvs. obs-post, farmasitun m.m.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 082/2022 Eventuelt

Styreleiar Krakhellen overrekte blomster til Eiliv Berdal og takka for hans deltaking som brukarrepresentant i styret.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar**Følgjande skriv og meldingar var utsendt:**

- RHF styresak 116/22 Regional utviklingsplan 2023-2035
- RHF styresak 127/22 Nasjonal framskrivingsmodell psykisk helsevern og rus

Følgjande skriv og meldingar var ettersendt og utdelt i møtet:

- Vedtak frå møte i FAMU 14.12.2022 knytt til utkast budsjett og investeringsbudsjett 2023
- Protokoll frå drøftingsmøte 14.12.2022 vedr. utkast til budsjett og investeringsbudsjett for Helse Førde 2023
- Notat om stenging av Lærdalstunnelen, datert 15.12.2022

Lukka del:

Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd nr. 1

Sak 083/2022 Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn**Oppsummering:**

Etter Helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerande direktør. Del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet som administrerande direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for helseføretaket. Det høyrer til styret å fastsetje løn til administrerande direktør, jf. Helseføretakslova § 36.

Vedtak (samrøystes):

Administrerande direktør si løn blir regulert med 3,84%, med verknad frå 01.01.2022.

Ref. Berit Irene Haarklau
16.12.2022

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem